

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.12.2018**

### **Handsaming i møte**

Prosjektleder/fylkesrådmann i Vestland fylkeskommune, Rune Haugsdal, orienterte om status i arbeidet med regionreforma og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ønskjer også at ny orientering 11.06.2019 skal innehalde informasjon om korleis arbeidet med tilsettingar og inn plasseringar har gått.

Kontrollutvalet ønskjer at sekretariatet legg fram sak om m.a. tal medlemmer i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune, kor mange av dei som skal sitte i fylkestinget, spørsmål rundt budsjett og reglement for kontrollutvalet til møte 11.02.2019.

Med nye punkt 2 og 3 vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet ber om at prosjektleder/fylkesrådmannen, Rune Haugsdal, kjem i møte 11.06.2019 for å orientere om ny status i arbeidet med regionreforma.
2. Kontrollutvalet ønskjer også at denne orienteringa skal innehalde informasjon om korleis arbeidet med tilsettingar og inn plasseringar har gått.
3. Kontrollutvalet ber om at sekretariatet legg fram sak om m.a. tal medlemmer i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune, kor mange av dei som skal sitte i fylkestinget, spørsmål rundt budsjett og reglement for kontrollutvalet til møte 11.02.2019.
4. Informasjonen vert elles teken til orientering.